



Dei to barnehagane i bygda er i fokus, Dønhaug Bardsbarnehage gjennom eit tilsyn som skal haldast og Uskedalen Gardsbarnehage gjennom ein tilsynsrapport om mathandteringa.

Tilsynet er beramma til 27. oktober og er ein kombinasjon av systemrevisjon og tilsyn på staden. Tilsynsgruppa skal intervjuar personar i barnehagen si ansvarsrekke, frå eigar til tenesteutøvar. Til slutt blir det lagt fram eventuelle avvik og merknadar og sluttrapporten er offentleg.

Ved den kommunale barnehagen har ingeniør Knut Evjen i miljøretta helsevern hatt synfaring av kjøkenet og peikar på at kjøkeninnreiinga delvis er slitt. Det vanskeleggjer reinhaldet og fungerer som groplass for mikroorganismar.

Ein annan merknad gjeld at det ikkje er eigen handvask på kjøkenet og det skal vera minst ein slik.

Men den kan gjerne kombinerast med ein utslagsvask.